

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
122/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Molvik bigard - Dronninga av Alver 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Dronninga av Alver 2022* blir tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 10.11.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 122/21 Vedtak:

Prosjektet *Dronninga av Alver 2022* blir tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift

Bakgrunn

Molvik bigard er eit enkeltpersonsforetak. Bransje 01.490 Husdyrhold ellers. Registrert 07.10.2014. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Molvik bigard har sine bikuber og driftsenter i Molvik i Alver kommune.

Verksemda driv med honningproduksjon, sal av bier/dronningar og er først i Norge til å arrangere biesafari.

Om prosjektet

Det er over 3000 bikuber i Vestland fylke og alle bikuber må skifte dronning etter 2-3 år. Dette gjerast for å hindre sverming og halde oppe egglegginga til dronninga. Dette betyr at marknaden for dronningar berre her på Vestlandet ligg rundt 1000 dronningar pr år.

Søkjar skriv at dei er dei einaste næringsbirøktarane på Vestlandet som har eige hus til bikubene sine, og at dette vil vere ein stor fordel for dronningsavl.

Prosjektleveranse/Målsetting

Molvik bigard skal gjennom dette prosjektet verte ein betydeleg leverandør av bidronningar.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Dronninga av Alver 2022	70 000	35 000	20 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst i

eksisterende verksemd, stimulerer til berekraftig utvikling og styrkar næringslivet i arbeidet med
entreprenørskap.

Vedlegg i saken:

03.11.2021	Molvik bigard, søknadsskjema	1635111
03.11.2021	Molvid bigard, vedlegg 1	1635112
03.11.2021	Mundal båt, vedlegg 2	1635113
03.11.2021	Molvik bigard, vedlegg 3	1635114